

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Nr 36 .

Fylke: Nordland .

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Velfjord .

Emne :

Helsing.

Bygdelag:

Oppskr. av: Knut Strompdal .

Gard:

(adresse): Storbørja .

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Mest etter det eg sjølv har sett .**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1. Folk uttrykker ja og nei oftast ved å segja det , å svara ved rørsler er heller skjeldan.

Ved rørsler vert nei uttrykt ved å riste på hovudet og ja ved å nikke med hovudet.

Vilde ein at ein annan skulle koma og det var for lang fråstann til å rope kunne ein vifte med eine handa eller med eit plagg , t.d. eit lommetørklede . Dette var mykje brukt der ein vilde ha skyss over ei elv eller ein fjord og ikkje hadde båt .

2. Når ein skulle helse på folk ein ikkje kjende var det ikkje noko visse reglar for . På slike stader der mykje folk var samla som på marknads plassar og ved kyrkja til dømes vart det aldri helsa på andre folk enn dei ein kjende . Eg ser då bort frå , at det vart helsa på folk ein hadde erend til og fekk vita av andre kva folk det var . Men det var vanlegt at dei helsa om to eller nokre få folk møttest der det var få folk som ferdast . Det heng litt att av dette endå . Om to ukjende møttest på ein arbeid veg med noko større ferdsle, så helsar dei aldri på kvarandre. Men møtast dei på ei fjell = stig eller liknande , så pla dei helsa.

2.

3. Dei hadde den regel før i tida , at den som kom inn på ein annans eigedom skulle helsa først . Dei vart rekna til folka til husbond alle dei som budde på ein gard , og husbondsretten gjekk så langt husbondet åtte eller hadde rådvelde over . Elles var det det vanlege , at om to møttast og den eine sat eller stod stille på staden før , så helsa han som kom gåande . Kom baa to gåande mot kvar = andre var det ingen fast regel, då helsa han først som var snarast til det . Elles var det den regel, at utanom heimen skulle born helsa først , når dei møtte vaksne folk utanfor heimen , var dei heime helsa heller ikkje borna før den komande hadde helsa. Var det sers vyrde folk som prest eller så , så var det vanleg å helsa han før han helsa. Men var ein heim til gards hos seg sjølv , så helsa ein ikkje på presten heller før denne hadde helsa.

4 og 5. Når dei helsa sa dei gomorn , godag eller åx gokvell etter som det hōvde . Når dei kom inn i ei stue var det ei mykje brukt helsing før å segja: Guds fred i huset . Når dei kom inn i ei stue brukte dei alltid å taka huve eller hatt av med same dei hel= sa . Når dei møtte kjenningar ute var det nokså van= legte før , at dei helsa med huve eller hatt på . Berre om det var slike ein vilde gjera meire vyrdnad av tok ein av huve eller hatt . Såleis når ein møtte gode kjenningar eller slektningar ein ikkje hadde sett på lenge . Likeins når ein helsa på prest eller andre embetsmenn . Storbønder har det ingengong vore i Velfjord . I 1870 åra budde det ein godseigar på Hegge i Velfjord . Men eg har ikkje høyrte , at det vart helsa på honom annleis enn på andre vyrde folk ein møtte . Godseigaren som heitte Knoff hadde elles ord på seg for å vera ein uvanleg beintfram og

7472

folkeleg kar . Frå Sømna har eg høyrte om ein gods-
 eigar som budde der kring 1850 , at han hadde eit
 gjerde kring garden sin , og når plassmenn og lei-
 lendingar (bykselmenn som dei kallast) kom gjennom
 porten i gjerdet , så laut dei taka huva av og bera
 henne under armen til dei kom fram til huset og hadde
 bære erendet sitt fram for godseigaren .

6 . At dei held huva framføre seg i Båe hen-
 der medan dei helsa og bar fram erendet sitt skulle
 visst tyda audmjuke og vurdsemd . Men det er no heilt
 slutt med det for så lang tid sidan at heilt viss er
 eg ikkje . Eg minnest frå yngre år , at eg ãx såg
 gamle kallar somtid gjera det når dei skulle bera
 fram eit erend til presten . At dei tok huva under
 armen har eg ikkje sett .

Når ein kom inn i ei stue og hadde helsa og
 sett seg ned la ein oftast huva eller hatten på
 eine kneet eller helt henne i handa . Galt det ei
 lengere vitjing kunne vertsfolka taka og henga huva
 opp . No er det vorten skikk , at ein ofte heng huva
 eller hatten att ute i gangen før ein går inn .

7. Dei helsa visst på same måten anten ein
 var kledd i kvardagsklede eller var høgtidskledd .

8. Før i tida handhelsa ein først og fremst
 på gode kjenningar og slektningar ein ikkje hadde
 møtt på ei tid. Dei sa først den vanlege helsinga og
 så sa dei : Takk for sist . Kom ein gamal kjenning
 inn i ei stue det var lenge sidan han hadde vore
 handhelsa han på alle i huset , dei minste og . Ofte
 kunne han likevel segja gomorn , godag eller gokvell
 med same han kom inn døra , og så trykja folka i
 huset i handa og segja : Takk for sist. Var det

SEAT

4.

nokon inne han ikkje hadde sett før vart det som regel og handhelsa på han , men ein sa ikkje takk for sist til honom . Gamle kjenningar som møttest ute handhelsa og på kvarandre og sa takk for sist. Men det var helst vaksne folk ein helsa på på den måten utan at den yngste helsa først. Ein kunne og handhelsa utan å segja takk for sist .

9. Det hende folk klappa kvarandre på aksla som teikn på venskap og gleda , men vanleg var det ikkje , og helst når ein møttest på ein ~~xxxx~~ stad med meire ferdsle og ein møtte ein ein ikkje venta å møta .

10. Det er mogleg at det gamalt var skikk å taka hatten av når ein hørde kyrkjeklokkene ringe , men det var slutt med det i 1890 åra så eg er ikkje sikker , men av somt eg har høyrte fortalt er det nokså trulegt at det eingong har vore så . At kvinnone gjorde noko i slike høve har eg ikkje høyrte.

11. Når ein møtte ei likferd skulle ein gå til side og stå på sida av vegen berhovda til fylgjet var komen framom . Ved jordfesting tok og alle inne på kyrkjegarden huve eller hatt av medan presten las ritualet og kista vart senka ned i grava .

Var det ~~xxxxxxx~~ brurfylgje ein møtte tok xx ein berre hatt eller huve av på vanleg måte og helsa og skunda seg så framom på sida av vegen .

12 . At det vart helsa på visse ting og på dyr veit ikkje nokon no å fortelja . Einast er ein stein inne ved Børjafjorden . Når folk rodde forbi den , så var det nokså vanleg einkvan prøvde lure ein annan til å taka hatten av . Ein sa t.d. at han hadde fått skrot på hatten sin. Tok han så hatten av vart det sagt : No helsa du på Mevikhunden.

7472

13 . Når det var morgon , så helsa ein gomorn . Var det dag helsa ein godag . Og var det kveld helsa ein gokveld . Noko visse klokkeslett kan ein ikkje segja det var , gomorn kunne ein segja frå det var midnatt til klokka vart bort mot elve om dagen . Godag kunne ein segja frå klokka var otte om morgonen til klokka var ti eller elve om kvelden . Gokveld kunne verta sagt frå klokka var sju om kvelden til det leid til to og tre om natta .

~~Her~~ Her hadde og årstidene noko å segja . Det vart tidlegare morgon , men og tidlegare kveld i mørketida om hausten enn i den lyse tida om vår og førsomar . Elles var det ikkje så om å gjera , ein såg aldri på klokka før ein helsa . Uttrykk som God middag var ikkje brukt før , men er no brukt some stader . God aften og morn kan ikkje segjast høyrer bygdemålet her til . Det er berre einskilde som skal prøve bruke bokmål som nyttar dei til helsing . God natt sa ein berre når ein gjekk og det stunda til at folk sku legja seg . Elles var det mest vanleg å ~~xxx~~ segja farvel , når ein gjekk .

14 . Det vart halde for å vera upassande å bruka ei helsing som ikkje var rett . Dei helsa aldri gomorn midt på dagen utan at ein misssnakka seg .

15 . Dei som svara på ei helsing svara med same orda som han hadde brukt han som helsa . Det var gomorn , godag og gokveld , alt etter kva tid på dagen det var . Det kunne henda ein skjeldan gong , at om han det vart helsa på tykte den som helsa ikkje brukte rette uttrykket , at han svara med eit anna . Som til dømes om ein helsa gomorn klokka elve om dagen , så kunne han som svara segja godag . Men oftast vart det svara med same orda , det var mest høvist å gjera

STAT

6.
det .

16. Helsinga er stort sett den same idag som den var før . Ein og annan kan ha lært seg til meire å segja gomorn til alle tider på døgnet, helst slike som har vore i byen noko tid . Men det er så skjeldan at ein kan sjå bort frå det .

17 . Gamalt var det vanleg å helsa med : Guds fred . Ein kunne helsa berre med dei orda , eller ein kunne segja ~~xxxåx~~ dei attåt den vanlege helsinga . Vart det helsa berre med Guds fred vart det svara : Guds fred igjen , eller berre Guds fred . Vart det helsa med Guds fred attåt ei anna helsing vart det svara likeeins som det vart helsa . Elles var det vanleg med helsingar som sign maten , sign arbeidet , sign strevet , sign kvila , sign laget , sign møtet . Ein sa i desse høva alltid den vanlege helsinga først og sa det andre etterpå . Ein sa t.d. godag , sign arbeidet . Det var til kvar sine høve slike attåthelsingar vart brukt . Sign maten sa ein når ein kom inn der det sat heimefolk og åt . Sign arbeidet sa ein når ein trefte folk som heldt på med eit eller anna arbeid. ~~Sinx~~ Sign strevet sa ein i same høve. Sign kvila sa ein når ein trefte folk som sat og kvilde i arbeidet . Sign laget sa ein når ein møtte fleire som stod eller sat saman ute i fri mark . Sign møtet eller sign mot kunne ein segja når ein trefte nokon på vegen ute , men berre om ein trefte gode kjenningar . Sign laget og sign kvila sa ein og berre til kjenningar . Sign arbeidet og sign maten var vanlege helsingar og til ukjende , når høva var så. Å helsa Guds fred er det no så å segja heilt slutt med. Dei andre av dei her nemnde

helsingar er og vorte mindre brukt enn før . Men er likevel ikkje så skjeldan brukt . Som alt før nemndt var det vanleg å segja takk for sisst når ein møtte ein kjenning , det var det same anten det var ute eller inne i hus . Oftast tok ein då den ~~xxxx~~ ein helsa på i handa , og denne svara : Sjølv ~~xxxx~~ takk . Ein kunne og segja takk for igår eller liknande , men det var ikkje så rett mykje brukt .

Når ein går og segjar farvel , så er det og vanleg å segja : Takk for meg . Det vil segja ifall ein har fått noko traktering . Er det familjefolk som er på vitjing til ei anna familje kan dei segja når dei går : Takk for oss . Dei inne svarer ~~xxx~~ då : Ikkje noko å takke for . Eller dei svarer : Sjølv takk . Dei som har hatt vitjinga kan og segja : Takk for dykk kom og såg til oss .

18 . Ein fattigmann kunne t.d. segja ~~xxx~~ når ein fekk ei uventa stor gåva : Gud velsigne dokk .

19. Når verten har teke mot gjesten ute , så helsa han alltid att når han kom inn i huset om det var nokon inne han ikkje hadde helsa på . Var det ikkje nokon inne gjesten ikkje alt hadde helsa på var det ikkje så fast regel for kva han skulle gjera . Some gonger kunne han helsa : Godag inne i huset . Eller:Godag i stua . Eller liknande . Men ofte helsa ikkje gjesten når han kom inn om det ikkje var nokon inne han ikkje alt hadde helsa på . Om det har vore nokon fast regel i retteleg gamal tid torer eg ikkje segja . Som før nemnt kunne gjesten berre segja Guds fred i huset , om han hadde helsa på folka i huset før han kom inn . Denne måten å

helsa på er gamal , men er no ikkje brukt .

20 . . Vilde ein tala med husfaren åleine kunne ein berre beda honom få snakke toeine med honom . Dei gjekk då anten ut på marka eller inn i eit anna rom , så dei fekk tala utan at andre fekk høyra det som vart sagt .

21. Før i tida var det ikkje ~~ix~~ vanlegt at ~~ix~~ ein banka på døra når ein kom inn til ein granne , slektning eller kjenning. Kom ein til ein framman stad , og serleg om ein kom til ein embetsmann eller ein annan mann som var halden vera høgge enn folk flest , så vart de banka på døra før ein gjekk inn . No er det vorte meire skikk , at ein banker på døra før ein går inn alle stader kvar ein kjem , anten det bur ein kjenning der eller ikkje .

22. Dei som var inne svara : Kom inn . Den som kom og hadde banka på opna då døra og kom inn , tok huve eller hatt av og helsa . Dei inne svara strakst på helsinga og bad så den komande setja seg. Stod det ikkje nokon stol slik til , tok ein inne og sette fram stol til den framande . Helst var det husfaren eller husmora som sette fram stolen . Ver så god å sitja , sa dei . Var det ein kjenning som kom , så kunne dei og segja : Sjå til å få sitja .

Då kunne dei og segja : Nei no trur eg ikkje du får sitja . Og gjesten svara : Å det er ikkje farlegt med det . Så ordna dei det så han fekk sitja . Då sa dei til vanleg : Ver så god . Og den andre svara : Takk . Det var elles det vanlege , at den som kom og vart beden sitja ned , han svara : Takk.

Det var vanleg at den som kom ikkje byrja snakke noko vidare med dei inne er før han hadde fått sett seg . Var det ein kjenning som kom , så

def

kunne dei hengja av seg noko klede før han sette seg, om han var for varmt inne for å sitja i noko lenge . Husfaren eller kanskje oftast husmora kunne taka dei klede han tok av og hengja dei opp, kanskje ute i ein gang , eller om dei var våte , så borte ved ~~xxxx~~ ein varm omn .

23. Gjesten vart til regel ståande ved døra til han vart beden sitja . Var det ein kjenning som kom gjekk han likevel fram og takka for sisst strakst utan å venta på at dei inne sa noko anna enn å svare på første helsinga . Han vart så beden setja seg når han hadde takka alle inne for sisst .

24 . Den som kom inn tok alltid av seg huva eller hatten strakst han hadde kome inn døra . Han helsa først etter han hadde teke huva av . Var det ein nær granne eller ein god kjenning som ofte pla vera der , så kunne han koma inn og helsa utan å taka huve eller hatt av , og kunne ha dei på til han gjekk att , ifall det berre var eit snar = erend han var inne for .

25 . Folk som venta ved døra bad ein setja seg. Gjekk dei ikkje og sette seg ved første bedinga , så kunne dei inne segja : Nei sjå no til å koma bort frå døra .

26 . Det vart gjort noko skildnad om det var framande som kom eller det var gode kjenningar . Likeins om det var vaksne eller born som kom . Det vart ~~xxxx~~ og gjort skildnad om det var storkarar dei kalla som kom . Desse sidste vart visste meire vyrdnad . Var dei bedne til gards gjekk ein ut og tok imot dei ute .

27. Heilt framande som kom til gards helsa

Dei andre svara så : Takk, likeså. Eller : ~~Ekke~~
 Takk, deg det same . Some tider kunne han som ha
 vore inne berre som snarast , kanskje fått ~~ix~~ ein
 kopp kaffe eller slikt : Takk for meg . Eller han
 sa : Takk for no . Var dei midt i eit arbeid dei
 som fekk vitjing , så kunne han som var på vitjing
 segja med same han gjekk : Ja , tak det no berre med
 ro med ~~ix~~ strævet . Grannar som budde ~~xxxx~~ ner kvar=
 andre sa skjeldan farvel til kvarandre når dei gjekk.
 Var det folk lengere borte ifrå kunne ofte segja
 farvel , når dei gjekk , slik det var det vanlege ein
 sa , når ein gjekk . Sa dei farvel dei som gjekk
 så vart det og svara farvel. Sa gjesten ~~xxxx~~ takk
 for seg , vart det svara anten sjølv takk , eller
 ikkje noko å takke for. Vart det berre sagt ~~tak~~
 det med ro med strævet , så vart det svara : Ja ,
 du det same . Eller : Det bli vel slik og .

31 ~~xxxx~~ Det var vanleg å segja når ein
 gjekk og det vart lenge før ein kom att : Farvel .
 Eller : Farvel , takk for meg . Eller : Farvel ,
 lev så vel .

a) Det var serleg når ein vart lenge borte,
 at ein sa noko meire enn farvel når ein tok avskild.
 Men den eine av familien pla aldri segja farvel til
 dei andre i familien når dei for . Dei brukte å
 segja : Ha det då retteleg bra . Eller : No må dokk
 leva så retteleg bra. Dei som vart att svara då .
 Takk , dokk det same . Det vart og ofte sagt : Gud
 vere med ~~dykk~~ dokk . Helst attåt ei ~~xxxx~~ helsing
 som nemnt ovanfor .

~~xxxx~~ b) Var avskilden truleg for ~~xxxx~~ siste
 gong og det var kjenningar som tok avskild , så

STAT

12.

vart som oftast den sist nemnte helsingsmåten som nemnt under b. ovanfor , som vart nytta .

For både a og b gjeld det , at var det framande som tok avskild , så kunne dei segja berre Farvel , når dei for , om dei ikkje vilde legja noko attåt . Folk tykte det var berre som det skulle. Det var noko skildnad på anten det var framande ~~ix~~ eller kjenningar .

32. Å kysse kvarandre til ~~ix~~ avskild var ikkje vanleg . Det kunne einast vera mann og kone, men heller ikkje dei pla kysse kvarandre så andre såg på . Å halde på å kysse kvarandre så andre såg på var ikkje halden for rett karslegt . Då hende det nok oftare at mann og kone kysste kvarandre med same dei helsa kvarandre vel møtt etter ei lang fråver .

33. Kven som kyste kvarandre er nemnt ovanfor.

34. Å gje kvarandre munn var mykje brukt uttrykk for ordet kysse .

35 . Å kysse på handa var heller ikkje brukt. Å kyssa på handa gjorde ikkje eingong mann og kone heller . Då hende det oftare det vart kyst på kinnet . Men det og var nokså skjeldan .

36 . Kyssing var aldri brukt korkje for å syne vyrdnad eller for å vise takksemnd. Vilde ein vise vyrdnad skulle ein helsa og taka avskild på ein så vyrdeleg måte som råd var . I seinare tid kan ein av og til høyra det vert sagt Adjø , når ein skal retteleg gjera vyrdnad på den ein ~~ikk~~ tek avskild med . Takksemnd kunne ein best vise med vyrdeleg takking. Born kunne somtid legja kinnet til kinnet til gjevaren om det var ein god kjenning

eller helst ein ner slektning.

37. Folk kyste heller ikkje si eige hand for å vise si gleda .

38. Ein pla ikkje til vanleg beda småborn om å kysse andre . Grannekjerringar og kjerringar som var i ner slekt med borna kunne av og til kysse småborn som låg i vogga , men dei var for små til å skyna noko av det heile.

39. Det hende at vaksne folk kunne gni nasen sin mot nasen til barnet dei hadde på ~~xxx~~ fanget eller låg i vogga , det var helst faren eller mora. Men noko vanleg var det ikkje . Noko namn har eg ikkje høyrte på det , mogleg det har vore tale om å byte nase.

40 . Som alt nemnt var det helst mora eller faren som gjorde det .

41 . Det hende vaksne folk less stela nasen til eit barn . Dei kleip då lett til med to fingrar over nasen til barnet og less etterpå gøyma nasen . Oftast vart peikefingren og langfingren ~~xxx~~ brukt . Meire brukt var likevel ein annan leik , dei kalla den å låna båt. Dei tok over nasen til barnet med to fingrar , oftast peikefingren og langfingren, men dei kunne og bruke peikfingren og tommen . Dei tøygde først lett nedover og sa : Sett ut , sett ut. Så hadde dei nasen tilsede fram og attende medan dei sa: Rekkel og ro , rekkel og ro . Så less dei bøye nasen oppetter medan dei sa : Sett opp, sett opp. Etterpå sa dei : Takk for båtlånet .

skride

Ei anna slik leik om ein kan kalle det så , det var å snyte på svensk som dei kalla . Då kleip dei med ~~xxx~~ peikefingren og langfingren på eine

5555

14.
handa over nasen ~~xx~~ på barnet og så slo dei til med andre handa mot si eige hand så det vart ein smell . No snaut eg deg på svensk , sa dei .

42. Som kjærteikn kunne folk leggja kjake mot kjake, dei kalla det å gjeva gokjeka .

43. Det var helst mellom foreldra og borna dette vart gjort. Men ektefolk kunne og gjeva kvarandre godkjake. Trulova folk likeeins , men helst i løynd .

44. Uttrykket til lukke vart helst brukt når ein vilde lykynskja ein eller annan . Det kunne verta brukt nokså ofte . Hadde folk gått til alters sa ein etterpå : Til lukke med saliheita. Hadde ein fått seg eit nytt kledeplagg vart det ynskja til lukke . Ein sa t.d. : Til lukke med ny brok. Eller: Tillukke med nye sko. Og liknande . Det var elles det same i andre høve og . Hadde ein fått ein ny hest t.d. så kunne ein segja : Til lukke med den nye hesten . Hadde ein fått eit barn kunne dei andre segja : Til lukke med den nye arvingen . I seinare tid har framanordet gratulerar ofte kome i staden for til lukke når ein lukkynskjar nokon .

45 . Før jul sa folk : Så må dykk ha ei god jul . Men det var berre dei siste dagane før jul ein sa det . I jula sa ein : Tillukke med jula . Ved nyttår var det likeeins . Då sa ein dei siste *dagane* før nyår : Så må dykk ha eit godt nyår . Etter nyår sa dei : Godt nyår . I påskhelga sa dei : God påsk. I pinshelga sa dei : God pins. Ved barnefødsel sa dei : Til lukke med barnet . Ved truloving sa folk: Til lukke med trulovinga . Ved festar sa ein oftast: Til lukke med dagen . Det kunne ein og segja ved

bryllaup. Men då kunne ein og segja : Velkomen i ek-
 testanden . Elles vart det fare mykje med gøy då .
 Ein kunne såleis godt ynskja til lukke med å segja :
 Til lukke med kallsveisinga . Eller liknande humori-
 tiske vendingar . Ved konfirmasjon sa ein til kon-
 firmanten : Til lukke med dagen . Både ved konfirma-
 sjon og ved bryllaup vart og foreldra ynskt til lukke.
 Folk sa då : Til lukke med sonen. Eller : Tilhukke
 med dotra .

I seinare tid er ordet gratulerar mykje kome inn
 i bygdemålet istaden for til lukke .

46. Ved dødsfall hadde ein visst ikkje noko
 einskild ord ein brukte for å uttrykke medkjensle .
 I seinare år er kondolerar vorte mykje brukt , men
 er ikkje mykje gamalt i bygdemålet . Når dei kom til
 ein gard der det var gravøl, så helsa dei gamalt
 med : Guds fred. Elles brukte dei ord og vendingar
 som kan uttrykkast med : Mi store medkjensle i dykkar
 sorg . Men orda kunne falle så ymse .

Det var likeeins der det hadde vore annan
 motgang . Noko einskild ord til å uttrykke ~~medkjensle~~
 medkjensle har eg ikkje høyrte .

47 . Når ein takka , så sa ein : Takk .
 Oftast med ei tillegg av kva ein takka for . Takka
 ein for maten , så sa ein : Takk for mat . Men i
 mange høve sa ein og berre takk eller tusen takk .
 Eller ein sa : Eg takkar så mykje . Vart ein ynskja
 til lukke svara ein:Takk . Var det lukkynskjing til
 jul eller ein annan festdag , så svara ein : Takk ,
 deg likeså . Eller : Takk , likeså deg . ~~Ma~~ Hadde
 ein hatt eller huve på , så tok ein alltid hatten
 eller huva av når ein takka . Den som ikkje gjorde det

5787

16.
viste ikkje god folkeskikk .

48 . Det er no mykje brukt , at ein takkar på vegne av avlidne ved gravferder . Det vert gjort inne i huset med same ein syngjer liket ut og det vert lagt kransar på kista . Men denne skikk er snaut rett gamal . Eg har ikkje høyrte om frå gamal tid at det vart halde taler , det kunne i høgda verta sagt eit Gudsord , og så vart det sjunge salmar . Men når dei gjekk heim dei som hadde vore med i gravferda , så kunne dei pårørande til avlidne takka for all hjelpa dei hadde ytt , og til avlidne.

49. Ein viser vannvyrdnad mot ein annan med å klappa seg i bakennen .

50. Det er vanleg no , at folk segjar du til folk ein kjenner og har omgjenge med . Dei segjar De til framande og til såkalla høgre stilte folk det vil segja embetsmenn og liknande. Før var ikkje De brukt , dei sa då I , Jer eller Dokk istaden . Regelen var då , at borna , allvisst vaksne born skulle segja I og Jer til foreldra sine . Men det vart ikkje alltid gjort . Men det var vanleg å segja I eller Jer til folk ein vilde syne vyrdnad . Dokk og dokker var og mykje brukt i slike høve . Ein kunne segja dokk til berre ein einskild person og.

51 . Å segja han eller ho istaden for du eller De til nokon har eg ikkje høyrte , trur heller ikkje det har vore brukt i beintfram tiltale til nokon.